

From: torfinn.hageland@gmail.com
Sent: lørdag 25. desember 2021 10:00
To: Firmapost
Subject: Rv 9 Neset, kurveutbetring

Statens vegvesen Region Sør

Eg har vore naturlos for tur frå Neset (Tjoveneset) opp til topps av Årdalsnapen, og eg har utarbeidd ei liste over alle dei heietoppene som ein kan sjå der ifrå.

Dette er ein mykje brukt turiststi. Det kan ein sjå på trakkjet. Turiststien tek opp frå innsida av den svingen som nå skal utbetrast.

Har de tenkt på ei omlegging av turiststien?

Ville det ha gått an å sprengje inn ein avsats øvst i skjeringa, helst frå søre enden av svingen, med stigning nordover langs skjeringstopp, opp til det nivået der han vil treffe Årdalsnape-stien høgare oppe?

Med å la den omlagde turiststien starte frå søre enden av svingen, vil omlegginga kunne kombinerast med parkeringsplassen for Tjøvhedder-stien som tek opp straks sønnanfor.

Årdalsnapen er eit kjent og kjær turmål, både for fastbuande og for turistar, med vidt utsyn over mest heile Agder og heilt ut til sjøen.

Mvh

Torfinn Normann Hageland
Pensjonert avd.ing. i Statens vegvesen